

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**     **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**  
                  **nasjonalparkstyre**  
**Møtested:**  E-postbehandling  
**Dato:**       14.08.2014  
**Tidspunkt:**

---

Viser til vedlagt sak.

På grunn av behov for rask oppfølging vert saka behandla ved e-postbehandling.

Ber om eventuelle merknader på e-post eller telefon 948 80 564

Med helsing

Kari Sveen

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 4/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 5/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Reparasjon av bru over Hellstuguåe i Visdalen - DNT Oslo og Omegn		2014/5194

Arkivsaksnr: 2014/5194-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 13.08.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	5/2014	14.08.2014

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Reparasjon av bru over Hellstuguåe i Visdalen - DNT Oslo og Omegn**

Vedlegg:

- 1 Rapport rep. av bru Visdalen

### **Forvaltar si innstilling**

DNT Oslo og Omegn får med heimel i Naturmangfaldlova § 48 løyve til utbetring av bru over Hellstuguåe i Visdalen. Reparasjon av bru og sikring av elvebreidd mot vidare utgraving vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Tiltaket er planlagt utført med handmakt, og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.

### **Saksopplysningar**

Bruansvarleg Thomas With i DNT har varsla behov for tiltak for å hindre vidare erosjon som vil øydeleggje brua over Hellstuguåe i Visdalen. Elva grev i lausmassane, og det er vurdert som mogleg å steinsetja kanten og reparere brua med handmakt om ein tek det før erosjonen kjem for langt. Sverre Sørungård i Stokk og Stein kan saman med breførarar frå Spiterstulen ta fatt på arbeidet i veke 34. Vedlagt notat med bilete og merknader dokumenterer behovet.

Det er i notatet og stilt spørsmål om det kan gjevast løyve til å endre elveløpet, men det vil vera eit meir omfattande tiltak som vil krevje vurdering frå NVE. I hastesaka her vil ein berre ta stilling til søknad om reparasjon av bru og sikring av elvebreidda.

Saka er raskt drøfta med fjelloppsynsmann Odd Repp. Skissert reparasjon med handmakt er reint vedlikehald som ikkje krev særskild behandling av fjellstyret.

## Vurdering

Raskast mogleg reparasjon vil hindre vidare erosjon, og tiltaket er planlagt gjennomført utan bruk av maskinar.

Byggverk som bruer/klopper er ein naturleg del av stignettet, og må etter den gjeldande forskrifta behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 (*Unntak i særskilde høve*) som nå er avløyst av Naturmangfaldlova § 48.

### Forvaltningsplan, forslag oversendt direktoratet for godkjenning i 2008:

Området ligg i brukssone, og forvaltningsplanen seier m.a. dette om denne kategorien:

- *«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*
- *«Overordna strategi for sona:  
Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»*
- *«Vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruer og liknande er tillate (framlegg verneforskrift § 3.1.2b NP, § 3.1.2c LVO). Fylkesmannen kan gi løyve til merking av nye stiar, skilt, vegvisarpilar og bygging av bruer (framlegg verneforskrift § 3.1.3 NP og § 3.1.3 LVO)»*
- *«Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheiter i å krysse elvar.»*
- *«Retningslinjer:  
Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.»*

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag i forvaltningsplanen, som opnar for tilrettelegging for ferdsel. I dette tilfellet gjeld det reparasjon og sikring av eksisterande installasjon, og arbeidet er planlagt utført på ein mest mogleg skånsam måte, med handmakt.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 – *Kunnskapsgrunnlaget.*

Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer i tilknytning til merka tursti.

§§ 9-10, *Føre-var prinsippet / Økosystemtilnærming og samla belastning:*

Tiltaket gjeld utbetring av ein eksisterande installasjon. Samla belastning på naturmiljøet blir ikkje endra.

§ 11 – *Kostnader ved miljøforringing:* Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.

§ 12 – *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:* Arbeidet er planlagt utført med handmakt, slik at ein unngår unødig kjøring innan verneområdet.

Konklusjon:

Reparasjon av eksisterande bru er nødvendig, og vil ikkje gje negative konsekvensar for naturmangfaldet eller for landskapet. Det hastar med gjennomføring for å unngå vidare erosjon, slik at saka vert lagt fram for arbeidsutvalet ved e-postbehandling.



# Billedrapport.

## Bru over Hellstuguåe i Visdalen.



Ved neste flom kan nordre ledd ("landgangen") av brua forsvinne.





Elva er i ferd med å endre løp. Det graves stadig ut masse på nordre side av Hellstuguåe der brua går over.



Ingen stor utfordring i å passere brua slik den står i dag, men.....?  
Kan man få tillatelse til å endre noe på elveløpet, - flytte på noen steiner?





Flytte steiner mot nord på øvre siden av brua.



Relativt enkel å passere i dag.